

Møteinnkalling

Utval: Folgefonna nasjonalparkstyre
Møtestad: Loftet på Guddalsbua, Folgefonnssenteret
Dato: 07.10.2021
Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldast snarast på epost: fmhoabh@statsforvalteren.no, eller på tlf. 40904341. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Arkiv-saksnr
ST 30/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden	
ST 31/21	Val av styremedlem til å skrive under protokollen	
ST 32/21	Framlegg - Søknad om støtte til ny stitrase Skrelet Reisetser - Buførevegens venner - Folgefonna nasjonalparkstyre	2021/13228
ST 33/21	Framlegg - Søknad om å hente ut jordprøver til forskingsprosjekt -Basecamp Research - Bondhusdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre	2021/5463
ST 34/21	Referatsaker	
RS 8/21	Arbeidsutkast - Kommunikasjonsplan	
RS 9/21	SV: Sak til vurdering	2021/5463
RS 10/21	Oppfølging av tiltak - Folgefonna nasjonalpark - oppbygging - sæterhytte - 62/1-2 - Tveitnessætra - Mauranger	2020/12904
ST 35/21	Delegerte saker	
DS 12/21	Delegert vedtak - Søknad om helikopterløyve til sel i Vierdal - Ullensvang kommune - Folgefonna nasjonalparkstyre	2021/8195
DS 13/21	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel - filme med drone - Bergen og Hordaland turlag	2021/10021
DS 14/21	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - isbreer - NTNU	2021/11381
DS 15/21	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - ATV - hjort - Ænesdalen - Nyskre - Hestabotnen - Per Magne Enes	2021/13019
DS 16/21	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel - helikopter - landbruksføremål - Eirik Førde	2021/10257
DS 17/21	Delegert vedtak - Dronefying til tilsyn og sanking av sau i Guddal Hildald og Barnamyrdal - Øystein Naterstad- Folgefonna nasjonalparkstyre	2021/9198
DS 18/21	Delegert vedtak- Folgefonna nasjonalpark - Transport av material til stølshus i Faurilia Guddal - Helge Naterstad - Folgefonna nasjonalparkstyre	2021/9204
DS 19/21	Delegert vedtak - Søknad om å fly med drone i Folgefonna nasjonalpark - Besøksenter Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalpark	2021/11251
DS 20/21	Delegert vedtak - Motorferdsel for å hente ut øydelagt ATV på Gardshammar - Tyssedal Røde Kors -Bondhusdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre	2021/12774
DS 21/21	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - Vierdal - material til istandsetjing av sel	2021/8768
DS 22/21	Motorferdsel til uttransport av felt hjort i Furebergsdalen i Folgefonna nasjonalpark	2021/12322
DS 23/21	Delegert vedtak - Søknad om øvingskøyering - Odda Røde Kors - Bondhusdalen - Folgefonna nasjonalparkstyre	2021/11892
DS 24/21	Delegert vedtak - Motorferdsel til arbeid på varder og sti - Turistvegen over Folgefonna - Folgefonna nasjonalparkstyre	2021/12704

ST 30/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 31/21 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Arkivsaksnr: 2021/13228-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 27.09.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	32/21	07.10.2021

Framlegg - Søknad om støtte - ny stitrase Skrelet Reiseter - Buførevegens venner - Folgefonna nasjonalparkstyre

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalpark vedtek å søkje om midlar til gjennomføring av tiltaket for sesongen 2022. Søknadsfrist for dette er 10.01.2022.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysningar

Frå søknad frå Buførevegens vener, motteken 15.09.2021:


Buførevegen opp lia frå Reisæter over høgfjellet og nedatt til Botsvatn/Krossdalen vart restaurert og tilbakeført i åra 2012-2016.

M.a. for tilkomst Buførevegen fekk grunneigarane på Reisæter tilskot frå Verdiskapingsprogrammet for Folgefonna Nasjonalpark for opparbeiding av ein skogsveg. Denne vegen viste seg raskt å vera lite brukbar for tilkomst. Difor vart det gått opp ein sti på nordsida av elva, og Buførevegens Vener fekk gjennom SNO/Miljødirektoratet midlar til å kjøpa inn ei bru for å kryssa elva øvst i Skrelet.



Dette har fungert framifå. Men - brua må pga. fåren for snøras fjernast kvar haust og setjast på plass att i juni kvart år - noko som tilseier årlege utgifter til helikoptertransport på 9.-10.000 kr. Det er ikkje "berekraftig" - me har ikkje råd i det lange løp.

Difor tok me i vår kontakt med grunneigarane på Reisæter. Dei er samtlege positive, og etter synfaring, foreslår dei at me legg stien på sørsida av elva, brukar betongbrua nedst i Skrelet, fiksar opp eksisterande "veg" (litt planering, grøfter og røyr) og laga ny stitrasè øvst oppe til der brua er plassert (ny sti teikna blå strek på kartet)



Den nye stien vil vera ein enkel gangveg opparbeidt i terrenget, men på eit lite parti vil det krevja at me boltar fast stein for ein stifot.

Dette området - Skrelet - ligg like i randsona av Folgefonna Nasjonalpark. Stitrasèen vil vera nøyaktig den same dei nytta til buføring fram til 1940.

Arbeidet har ein estimert anleggskostnad på 50.000 kr, og vil verta utført straks det er rastrygt våren 22 - til vanleg etter 17. mai. Dugnad - som rydding av krattskog (grunneigarane vil gjera dette) og anna "handarbeid" er ikkje medrekna i kostnadsoverslaget.

Så er det spørsmålet. Me er takksame for at Nasjonalparkstyret har løyvt midlar til støtte for helikopterflyttinga av brua - noko me ikkje kan halda fram med. Spørsmålet då er om Nasjonalparken i staden har høve til å vera med på eit spleiselag?

Budsjett:

Folgefonna Nasjonalpark (Miljødirektoratet)	35.000 kr
<u>Eigne midlar/ev. sal av brua*</u>	<u>15.000 kr</u>
	50.000 kr

* sjå eiga orientering

Me tillet oss såleis å søkja Folgefonna Nasjonalpark v/styret om eit tilskot på 35.000 kr for opparbeiding av ny tilkomst til Buførevegen i Skrelet på Reisæter.

SNO v/ Olaf Bratland er orientert om planane - utskifting av brua og ny

*Orientering om

REVISJON AV KONSESJONSVILKÅRA MAURANGERVERKA/ SAL AV BRUA I SKRELET

Ved revisjon av konsesjonsvilkår for Maurangerverka, har Buførevegens Vener lagt inn forslag om at det er behov for ei bru der stien kryssar elva der Torsnutvatnet renn ned i Røvavatnet. Denne elva vart monaleg større då vatnet, som gjekk ned Bleieelva, vart overført Maurangerverka. Dei auka vassmengdene medfører vanskar med kryssing av elva. Det går greitt så lenge snøbrua - som til vanleg ligg der - er trygg.



Me tok kontakt med Statkraft: Viss forslaget om bru over Torsnutelva vert eit prioritert krav, tilbyr Buførevegens Vener at Statkraft kan få kjøpa brua i Skrelet - 9 m lang - til ein gunstig pris.

Statskraft har svara at dette vil dei vurdere, men at dei fyrst må undersøkja om det er mogeleg at brua kan nyttast til formålet. Dette vil bli gjort før jonsok 2022.

Olaf Bratland i SNO - som var til stor hjelp med finansieringa (Miljødirektoratet) då me kjøpte brua - er orientert om planane.

Vurdering

Buførevegen/Pilegrimsvegen mellom Bottsvatn og Reisetete i Ullensvang kommune var ferdigstilt i 2015. Stien var finansiert som ein del av prosjektet «Naturarven som verdiskaper» med midlar frå nasjonalparksenteret. Nedste del av stien på Reisetesida har vore utsett for flaum og skred sidan opning av vegen.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	23/21	09.06.2021
Folgefonna nasjonalparkstyre	33/21	07.10.2021

Framlegg - Søknad om å hente ut jordprøver til forskningsprosjekt - Basecamp Research - Bondhusdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre gjev Basecamp Research løyve til å ta ut jordprøvar til vitenskaplege undersøkingar i Bondhusdalen landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark. Løyvet er gitt med heimel i forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde, forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og naturmangfaldlova § 48. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Det er løyve til å hente ut inn til 30 jordprøvar, kvar på maks 100 ml.
- Løyvet gjeld i perioden 15. juni – 31.12.2021
- Resultat frå undersøkingane skal gjerast offentleg tilgjengeleg og sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre ved forvaltar.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 09.06.2021

Handsaming i møte

Styreleiar er usikker på om det er i nasjonalparkstyret si mynde å gje løyve til uttak av genetiske ressursar i verneområda. Styret ber om at saka vert utsett og at søknaden vert sendt til Miljødirektoratet for vurdering.

Vedtak

Saka er utsett til det kjem tilbakemelding frå Miljødirektoratet.

--- slutt på saksprotokoll ---

Saksopplysningar

Søknad

I e-post datert 8. mars 2021 søker Basecamp Research om løyve til å ta ut jordprøver i Bondhusdalen landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark. Basecamp Research er et selskap basert i London som studerer mikroliv i jord. Dei er interesserte i å hente prøver frå verneområda for å auke kunnskapen om biomangfaldet i verneområde. Og dei seier vidare at: *«Målet vårt er å forstå forholdet mellom jordmineraler og jordbakterier i hele Europa, for å demonstrere verdien biologisk mangfold har for samfunnet.»*

Basecamp Research ved Nadine Greenalgh ønskjer å samle inn mellom 20-30 jordprøver frå Bondhusdalen og søre del av Folgefonna nasjonalpark. Prøvene er på om lag 100 ml kvar og vil bli henta frå toppjord (mindre enn 5 cm frå overflata) som er lett tilgjengeleg, til dømes langs turstiar. Prøvane vert plasserte i sterile og forseglte prøveboksar og merka for analyse. Prøvane vil bli samla inn til fots, og det skal ikkje påverke plante- eller dyreaktivitet. Prøvane vert analysert for mineralsk samansetning og mikrobielle analysar vert gjort ved bruk av kjemiske testar og eDNA-sekvensering. Prøvane vert samanlikna med andre prøvar tekne andre plasser i Europa.

Det er ønskeleg å samle inn prøvar i løpet av 2021, men COVID-pandemien gjer det vanskeleg å fastslå kor tid det vil verte aktuelt. Det er anslått at dei vil bruke ei veke på innsamlinga.

Vurdering

Området der prøvane skal takast ut ligg innafor grensa til Bondhusdalen landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark og må vurderast etter verneforskrift og naturmangfaldlova.

I nasjonalparken er området er verna mot alle inngrep. I landskapsvernområdet skal området vernast mot alle inngrep som kan endre eller verke inn på landskapets art og karakter i vesentleg grad. Difor er det forbod mot inngrep som boring, sprenging, bryting av stein, mineral eller fossilar, fjerning av større stein og blokkar.

Det er ikkje opna for å gje løyve til uttak av jord til vitenskaplege undersøkingar i verneforskriftene og difor må tiltaket vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen som finst i naturmangfaldlova § 48.

§ 48 seier at nasjonalparkstyret kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt.

I forvaltingsplanen for Folgefonna skriv ein dette om forskning og undervisning:

« Verneområde kan vere nyttige referanseområde for forskning rundt endringar i naturtilstanden. Forsking som kan vere nyttig for å dokumentere naturtilstand og trugsmål og som kan gje auka kunnskap om verneområdet, vert vurdert som positivt. Men aktiviteten må ikkje føre til tekniske inngrep som set varige spor i terrenget. Det vil ikkje verte gjeve løyve til kartlegging av potensiale for økonomisk utnytting av naturressursar i området.

Undervisning som formidlar kunnskap om natur- og kulturmiljøet og som gjev auka forståing for naturvern er velkomen i verneområdet. Men heller ikkje slik verksemd må føre til skade på naturmiljøet eller vere til ulempe for andre.»

Vurdering

Det er søkt om å ta ut 20-30 jordprøver frå fleire uspesifiserte lokalitetar i Bondhusdalen og Folgefonna nasjonalpark. Korkje verneforskrift eller forvaltingsplan opnar for å gje løyve til forskning som kan nyttast til kartlegging som kan nyttast økonomisk og viser til at slike tiltak må skje utanfor verneområda. Forvaltingsplanen seier på same tid at forskning som kan vere nyttig for å dokumentere naturtilstand og trugsmål vert vurdert som positivt.

Det er ikkje spesifisert nærare kva lokalitetar ein ønskjer å hente ut jordprøver frå. Det er ikkje kjent at vi har område med særleg sårbart jordliv, særleg fordi jordlivet er heilt ukartlagt. Omfanget av kvar enkelt jordprøve er svært lite (100 ml) og eit slikt tiltak vil ikkje ha nokon effekt på verneverdiar eller naturmangfald.

Forvaltingsplanen for Folgefonna har spesifisert at det ikkje vil bli gitt løyve til kartlegging av potensiale for økonomisk utnytting av naturressursar i verneområda. Bakgrunnen for dette er nok å hindre at slik prospektering potensielt kan leggje press på verneverdiane. Forvaltar kjenner ikkje til om bioprospektering var med i tankane då ein forma retningslinene i forvaltingsplanen.

«Bioprospektering er det å utnytte [gener](#) og [biokjemikalier](#) fra [naturen](#) til beste for [mennesker](#). Dette gjøres ved utforskning av [biodiversiteten](#) for å finne kommersielt verdifulle genetiske og biokjemiske ressurser, det vil si leting etter bioaktive [molekyler](#) i levende organismer på land eller i havet.» (snl.no)

Basecamp Research (B. R.) er eit privat firma som nettopp prøver å finne nye gener og biokjemikalier frå naturen og utnytte dei i industri og utvikling. Men ein slik bruk treng ikkje nødvendigvis å føre til eit sterkare press på utnytting av verneområda der prøvene er henta frå, då vidare utvikling som regel foregår i ein lab.

B. R. trekk fram at dei vil helst hente prøver frå verneområda, men for Folgefonna sin del finn forvaltar det sannsynleg at ein vil finne mykje det same i jordprøver frå jord utanfor verneområda som inni, då det er mange tilgrensande område med tilsvarande liten grad av påverknad som ikkje har vernestatus. Forvaltar ser dog heller ikkje korleis uttak av desse jordprøvane kan påverke verneverdiane i nokon negativ grad. Det er heller ikkje sannsynleg at ei bioprospektering i dette omfanget har nokon stor samfunnsmessig verdi utanom at det kan auke kunnskapen om jordlivet i delar av verneområda våre. Forvaltning av genetiske ressurser er regulert av bioteknologilova og konvensjonen om biologisk mangfald. Det er eit prinsipp at alle genetiske ressurser tilfjell staten Noreg og innbyggjarane og alle genetiske ressurser skal vere opne og tilgjengelege for alle, etter Nagoya-protokollen som Noreg har ratifisert. Kongen kan gjennom forskrift regulere kven som får løyve til å hente ut genetiske ressurser og bruke dei, men denne forskrifta har ikkje trådd i kraft enno. Difor er det ingen andre regelverk som regulerer denne typen bruk av verneområda.

Forskrift og forvaltingsplan legg opp til at alle vitenskapelege undersøkingar i verneområda må ha som mål å auke kunnskapen om verneområda og at eit viktig kriterium er å sikre at ny kunnskap vert tilgjengeleg for ålmenta. Difor ønskjer nasjonalparkstyret at alle som får løyve til å gjennomføre forskning i verneområda gjer forskingsresultata tilgjengeleg for alle. Ein viktig del av verneføremålet er å kunne formidle kunnskap om verneområda og korleis dei har blitt til lokalbefolkning og alle som vitjar områda.

Forvaltar tilrår at søkjar får løyve til å gjennomføre tiltaket som omsøkt, men ser at dette strir mot retningslinene i forvaltingsplanen. Forvaltar meiner tiltaket er av så lite omfang og vil ha så lite påverknad på verneverdiane at det ikkje gir meining å gje avslag. Etter ei spørjerunde rundt til andre verneområdestyre verkar det også som det ikkje har kome inn liknande søknader frå private firma før, noko som kan vere ein indikasjon på at dette ikkje er ein type tiltak som vi vil få mange av i framtida.

ST 34/21 Referatsaker

RS 8/21 Arbeidsutkast – Kommunikasjonsplan

Kjem som eige vedlegg

RS 9/21 SV: Sak til vurdering

Fra: Hege Langeland[hege.langeland@miljodir.no]
Sendt: 23. jun 2021 14:13:15
Til: Haavik, Astrid Bakke
Kopi: Kim Daniel Hansen
Tittel: SV: Sak til vurdering

Hei

Styret skal bare ta stilling til om søknaden krever tillatelse fra verneforskriften og om det i tilfellet skal gi tillatelse basert på virkningen for verneverdiene og verneformålet. Uttaket av jordprøver virker å gjelde en liten mengde jord. Styret må derfor vurdere om dette er et søknadspliktig tiltak etter verneforskriftene. Spesielt gjelder dette i landskapsvernområdet, som har et mildere vern enn nasjonalparken.

Naturmangfoldloven § 58 sier at det kan gis forskrift om at uttak av biologisk materiale fra naturen med formål om å utnytte det genetiske materiale, krever tillatelse fra departementet. Slik forskrift er i dag ikke vedtatt og det kreves derfor ikke tillatelse for uttak av biologisk materiale med formål om å utnytte genetisk materiale.

Grunneiers samtykke er som hovedregel nødvendig i tilfeller der aktiviteter faller utenfor allemannsretten. Slike uttak vil kunne falle utenfor allemannsrettens og den uskyldige nyttesretten enhver har i naturen. Du kan lese mer om når det er et kreves samtykke fra grunneier og innholdet i den uskyldige nyttesretten på våre nettsider: https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/friluftsliv/friluftsliv-og-allemannsretten/ofte-stilte-sporsmal-om-allemannsretten/#grunneiers_samtykke

Styret bør i vedtaket gjøre oppmerksom på at søker bør ta kontakt med grunneier før arbeidet igangsettes.

Med vennlig hilsen

Hege Langeland

Seniorrådgiver, Juridisk seksjon naturmangfold



Miljødirektoratet

Telefon: 03400 / 73 58 05 00

Mobil: 92255738

E-post: hege.langeland@miljodir.no

Nett: www.miljodirektoratet.no - www.miljostatus.no

Fra: Haavik, Astrid Bakke <fmhoabh@statsforvalteren.no>

Sendt: fredag 18. juni 2021 13.10

Til: Kim Daniel Hansen <Kim.Daniel.Hansen@miljodir.no>; Hege Langeland

<hege.langeland@miljodir.no>

Emne: Sak til vurdering

Hei!

Styret ba om å få vedlagte sak vurdert av Miljødirektoratet før dei gjer eit vedtak. Saka gjeld eit privat forskingsselskap som vil ta jordprøvar i Bondhusdalen landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark for å leite etter genetiske ressursar og mikroliv som kan utviklast vidare til innovasjon og industri. Styret lurar på om dette er innafør deira mynde å gje løyve til og korleis grunneigarinteresser og eigarskap til dei genetiske ressursane vert ivaretekne.

Helsing

Astrid Bakke Haavik
nasjonalparkforvaltar



**Folgefonna
nasjonalparkstyre**

Tlf: +47 55572135

Mobil: +47 40904341

Besøksadresse: Folgefonnsenteret, Skålafjæro 17, 5470 Rosendal

Postadresse (arkiv): Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Elektronisk postmottak: sfvlpost@statsforvalteren.no

<http://www.nasjonalparkstyre.no/Folgefonna/>

RS 10/21 Oppfølging av tiltak - Folgefonna nasjonalpark - oppbygging - sæterhytte - 62/1-2 - Tveitnessætra – Mauranger

Saksopplysningar

Bakgrunn for saka:

Motorferdselløyve, datert 29.06.2021 DS 30/20

Kvinnherad Bygg fekk motorferdselløyve for ti turar for å frakte ut utstyr materiale og avfall m.m. 01.07.2020. Turane er nytta og vi har motteke køyrebok.

Byggeløyve, datert 05.10.2021 ST 41/20

Byggeavfall skal vere rydda og fjerna innan 1. desember 2020.

Oppfølging av tiltak etter synfaring, 09.06.2021 RS 7/21

Nasjonalparkstyret ber forvaltar om å kontakte eigar ved Tveitnessetra og oppmode om å skifte farge på kledning til fargen vert i tråd med byggeteikningane i løyvet.

Status, september 2021

Forvaltar hadde telefonsamtale med hytteeigar 24. september 2021.

Eigar har ikkje bygd noko eller frakta ut material. Forvaltar opplyser om at det ikkje er løyve til å la material liggje i nasjonalparken og at det trengs løyve til å fly det ut.

Vil bygge ein platting som skal flyttast vekk når han ikkje er i bruk. Vil heller kappe opp material og ha det til ved enn å frakte det ut igjen, på grunn av kostnadane ved utfyking.

Forvaltar opplyser om at alt som ikkje er med på byggeteikningane er søknadspliktig, også trapp. Er ei mellombels trapp der i dag. Eigar seier at han vil sende ein søknad om å bygge ei trapp.

Under viser byggeteikningane som er godkjente og bygget slik det så ut på synfaring våren 2021.



Byggeteikningane er godkjente og bygget slik det så ut på synfaring våren 2021.

ST 35/21 Delegererte saker

DS 12/21 Delegert vedtak - Søknad om helikopterløyve til sel i Vierdal - Ullensvang kommune - Folgefonna nasjonalparkstyre

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.3 f), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Ingrid Riise løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 15.06.2021 til 01.10.2021
- Løyvet gjeld for transport av material og utstyr i samband med vøling av stølshus i Vierdal
- Løyvet gjeld for inntil 3 turar t/r til Vierdal
- Transporten skal ikkje skje på heilagdaggar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post olaf.bratland@miljodir.no eller på telefon 970 23 013
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner. Køyreboka skal følgje med under transporten. Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre innan 31. desember kvart år. Merk med referanse: 2021/8195. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette.

DS 13/21 Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel - filme med drone - Bergen og Hordaland turlag

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og naturmangfaldlova § 48 gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Bergen og Hordaland turlag løyve til bruk av drone til å filme i Folgefonna nasjonalpark.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld 10. august – 31. august 2021.
- Løyvet gjeld for inn til ein halv time (30 minuttar) flytid på Fonnabu.
- Dronepilot må gjere seg kjent med vernereglane
- Filminga skal om mogleg skje utanom helg og heilagdaggar.
- Ved publisering av filmmateriale må det komme klart fram at søkjar har fått løyve til å filme frå Folgefonna nasjonalparkstyre.
- Om rovfugl eller ramn vert observert ved fyking skal ein straks avbryte filminga
- Før filming skal Statens naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post olaf.bratland@miljodir.no eller på tlf: **970 23 013**
- Rapport over utført fyking skal sendast til fml@fylkesmannen.no med referanse 2021/10021.

DS 14/21 Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - isbreer – NTNU

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* og naturmangfaldlova § 48, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre NTNU og Heliwing løyve til bruk av helikopter i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 25.08 – 30.11 kvart år frå og med 2016 til og med 2019
- Løyvet gjeld for transport av folk og utstyr til undersøkersar på breen
- Løyvet gjeld for inn til to lettingar og landingar på kvar av dei tre lokalitetane
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdaggar
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på epost olaf.bratland@miljodir.no eller på telefon **970 23 013**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember kvart år** Merk med referanse: 2021/11381. Send gjerne på e-post til: [svfvp@statsforvalteren.no](mailto:sfvlp@statsforvalteren.no)

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang, Kvinnherad og Etne kommunar om dette.

DS 15/21 Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - ATV - hjort - Ænesdalen - Nyskre - Hestabotnen - Per Magne Enes

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3 e, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Per Magne Enes løyve til bruk av ATV for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet frå d.d. - 23.12.2021
- Løyvet gjeld for fire turar t/r i Folgefonna nasjonalpark
- Løyvet gjeld for transport av felt storvilt med ATV på strekninga vist i kartet innanfor grensa til Folgefonna nasjonalpark
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdaggar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post olaf.bratland@miljodir.no eller på telefon **970 23 013**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember**. Merk med referanse: 2021/13019. Send gjerne på e-post til: fmvlp@fylkesmannen.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette.

DS 16/21 Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel - helikopter - landbruksfremål - Eirik Førde

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Eirik Førde løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 20.07 – 30.08.2021
- Løyvet gjeld for transport av material, proviant og utstyr til stølshus, ein tur/retur
- Løyvet gjeld for Eirik Førde
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdaggar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post olaf.bratland@miljodir.no eller på telefon 970 23 013
- Det skal førast køyrebok som viser dato, køyrerute og føremål
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre innan 31. desember. Merk med referanse: 2021/10257. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette.

DS 17/21 Delegert vedtak - Dronefying til tilsyn og sanking av sau i Guddal Hildald og Barnamy - Øystein Naterstad- Folgefonna nasjonalparkstyre

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* og naturmangfaldlova § 48 gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Øystein Naterstad løyve til bruk av drone til å søke etter sau i Folgefonna nasjonalpark.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld frå 01.07.2021 – 30.11.2021.
- Løyvet gjeld for inn til 7 turar til tilsyn av sau
- Løyvet gjeld for inn til ein times flytid på kvar tur.
- Dronepilot må gjere seg kjent med vernereglane
- Filminga skal om mogleg skje utanom helg og heilagdaggar.
- Ved publisering av filmmateriale må det komme klart fram at søkjar har fått løyve til å filme frå Folgefonna nasjonalparkstyre.
- Om rovfugl eller ramn vert observert ved fying skal ein straks sette drona på bakken
- Før fying skal Statens naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post olaf.bratland@miljodir.no eller på tlf: 970 23 013
- Rapport over utført fying sender de til folgefonna@statsforvalteren.no med referanse 2021/9198 innan 31.12. 2021.

DS 18/21 Delegert vedtak- Folgefonna nasjonalpark - Transport av material til stølshus i Faurlia Guddal - Helge Naterstad - Folgefonna nasjonalparkstyre

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Helge Naterstad løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 24.06 – 30.10.2021
- Løyvet gjeld for transport av utstyr til vedlikehald av støl og transport av saltstein til Faurlia
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdaggar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post olaf.bratland@miljodir.no eller på telefon **970 23 013**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre innan 31. desember kvart år
- Merk med referanse: 2021/9204. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette.

DS 19/21 Delegert vedtak - Søknad om å fly med drone i Folgefonna nasjonalpark - Besøkscenter Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalpark

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* og naturmangfaldlova § 48 gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Besøkscenter Folgefonna nasjonalpark løyve til bruk av drone til å filme i Folgefonna nasjonalpark.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld 4. august 2021.
- Løyvet gjeld for inn til ein times flytid i området ved Juklavassbreen.
- Dronepilot må gjere seg kjent med vernereglane
- Filminga skal om mogleg skje utanom helg og heilagdaggar og vise omsyn til friluftsutøvarar.
- Ved publisering av filmmateriale må det komme klart fram at søkjar har fått løyve til å filme frå Folgefonna nasjonalparkstyre.
- Om rovfugl eller ramn vert observert ved fyking skal ein straks avbryte filminga
- Før filming skal Statens naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post olaf.bratland@miljodir.no eller på tlf: **970 23 013**
- Rapport over utført fyking skal sendast til fmvl@fylkesmannen.no med referanse 2021/11251.

DS 20/21 Delegert vedtak - Motorferdsel for å hente ut øydelagt ATV på Gardshammar - Tyssedal Røde Kors -Bondhusdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i *Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde*, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 09.09-25.09.2021
- Løyvet gjeld for transport av ATV frå Gardshammar, med inn til to turar for helikopter og ATV
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdaggar

- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post olaf.bratland@miljodir.no eller på telefon **970 23 013**
- Det skal først køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal først i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember kvart år** Merk med referanse: 2021/12774. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette.

DS 21/21 Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - Vierdal - material til istandsetjing av sel

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Helge Sandvin løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 20.07 – 30.10.2021
- Løyvet gjeld for transport av material, proviant og utstyr til stølshus
- Løyvet gjeld for inn til 3 turar t/r
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdaggar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post olaf.bratland@miljodir.no eller på telefon **970 23 013**
- Det skal først køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal først i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember kvart år** Merk med referanse: 2021/8768. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette

DS 22/21 Motorferdsel til uttransport av felt hjort i Furebergdalen i Folgefonna nasjonalpark

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3 e), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Peder Fureberg løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 05.09 – 30.11.2021
- Løyvet gjeld for transport av felt hjort
- Løyvet gjeld for inn til 3 turar og inn til 5 hiv
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdaggar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post: olaf.bratland@miljodir.no eller på telefon **970 23 013**
- Det skal først køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal først i køyreboka før transporten begynner

- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember**. Merk med referanse: 2021/12322. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette.

DS 23/21 Delegert vedtak - Søknad om øvingskøyring - Odda Røde Kors - Bondhusdalen - Folgefonna nasjonalparkstyre

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Odda Røde Kors løyve til bruk av ATV i Bondhusdalen landskapsvernområde. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 21.-22. august 2021
- Løyvet gjeld for øvingskøyring til frå Bondhus til Bondhusvatnet
- Løyvet gjeld for ein tur med inntil tre ATV-ar.
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på epost olaf.bratland@miljodir.no eller på telefon **970 23 013**
- Det skal førast køyrebok som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre innan 31. desember.
- Send gjerne på e-post til: folgefonna@statsforvalteren.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk.

DS 24/21 Delegert vedtak - Motorferdsel til arbeid på varder og sti - Turistvegen over Folgefonna - Folgefonna nasjonalparkstyre

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.1 får Odda/ Ullensvang turlag løyve til å setje opp ein ny varde ved Isvatnet langs Ridestien i Folgefonna nasjonalpark.

- Varden skal likne dei andre vardane på stien i form og storleik og bør byggast av stadeigen stein. Plassering av varden vises på kart (nr 2).

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Odda og Ullensvang turlag løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 10.09 - 30.10.2021
- Løyvet gjeld for transport av folk og utstyr til vedlikehald av vardar og bru på Ridestien til Holmaskjer
- Løyvet gjeld for inn til 8 turar
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdaggar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på epost olaf.bratland@miljodir.no eller på telefon **970 23 013**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten

- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember kvart år** Merk med referanse: 2021/12704. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette.